

Hyttene i Ulvik statsallmenning

Rundavassbu

Koordinatinfo: 32V 400198 6720506



Steinbu i eit rom. Støypt nytt golv og laga nye benker/senger i 2011. Vedomn og noko kjøkenutstyr. 2/3 liggeplassar. Enkel standard. Ligg ovanfor Rundavatnet som har god fiskebestand. Snittvekt 2015 var 500-600 gr. Noko restaurering står att. 75,- pr. pers. pr. døgn. Betalast til konto 3450 24 08072.Open.



Rundavassbu

Memorgebu

Koordinatinfo: 32V 407918 6720843



Steinbu i eit rom, 11 m2. Hytta vart sett i stand i 1983 med nytt tak og drenering av vatn, nytt golv og omn. Vedomn, 2 bluss propanapparat og noko kjøkenutstyr. 2-3 liggeplassar. Enkel standard. Ta kontakt med fjellstyre for leige. Låst, kodeboks.



Fin aure frå Memorgevatna, snittvekt ca 600-700 gram.

Søre-Grøndalshytta

Koordinatinfo: 32V 400704 6723080



Hytta vart oppført i 1952 og består av 2 rom, 20m². Vedovn, 3 bluss propanapparat, kjøkenutstyr, 4 liggeplassar. Tilhøyrande naust, 15m² med båt og garn. Restaurert innvendig i 2012. Uthus med utedo. Søre-Grøndalsvatnet har mykje god aurebestand. Snittvekt 2015 var 300-400 gr. Alle som leiger hytta kan nytte garn i vatnet. Låst, kodeboks. Ny kledning og solcelleanlegg i 2019. Utleige via Inatur.



Søre Grøndalshytta

Ripsebu

Koordinatinfo: 32V 401197 6715502

Hytta oppført i 1984 består av 2 rom, 23m². Vedovn, 3 bluss propanapparat og kjøkenutstyr.



Hytta har gang og kombinert sove/opphaldsrom m 2 køyer og benk. Det er og ei køye i gangen. Utedo/vedbod. Båt tilgjengeleg for brukarar av hytta. Fleire gode fiskevatn innanfor kort gangavstand. Låst, kodeboks. Utleige via Inatur

Ripsebu

Dyrahøhytta

Koordinatinfo: 32V 403399 6722930

Hytta er på 25m² og vart oppført i 1988. Omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Hytta har gang, soverom m/ 4 køyer, kombinert kjøken/stove og hems. Låst, kodeboks. Montert solcelleanlegg i 2019. Utleige via Inatur.



Dyrehøla

Lengjedalsbu

Koordinatinfo: 32V 423291 6720167



Lengjedalsbui

Steinbu i eit rom. Bua vart sett i stand på slutten av 70 åra, nytt torvtak i 1987. Vedovn og noko kjøkkenutstyr. 2/3 liggeplassar. Nye glas og front i 2017. Enkel standard. 75,- pr. pers. pr. døgn. Betalast til konto 3450 24 08072. Open.

Austdalsbu

Koordinatinfo: 32V 402427 6719883

Gamal steinbu m/ takluke, ca 8 m2. Nyrestaurert innvendig sommaren 2015. Vedovn, propanbluss samt noko kjøkenutstyr. Berre til somarbruk, borte under snøen vinterstid. 2 liggeplassar. 75,- pr. pers. pr. døgn. Betalast til konto 3450 24 08072. Open.

*Austdalsbui***Sankebu**

Koordinatinfo: 32V 0074203 6743868

Kartblad: 1416 III

Bua, storleik 32 m2 inneheld vindfang/gang, soverom, opphaldsrom m/køkeplass, hems og utedo. Liggeplass for 4/6 personar. Låst.

**Kontaktperson Ulvik fjellstyre**

Harald N. Andersen 90 21 36 85

Finsebu

Koordinatinfo: 32V 418639 6719173

Hytta har eit areal på ca 80 m², har stove med kjøkkenkrok, 3 soverom, 10 liggeplassar, vedbod, entre, ny snurredass og vaskerom, innlagt straum, elektrisk komfyr og kjøleskåp ++. Det er kjøkkenutstyr for 10 personar. Hytta har ikkje innlagt vatn, men det renn ein liten bekk rett ved hytta der ein finn vatn. Finsebu ligg lett tilgjengeleg omlag 700 m frå Finse jernbanestasjon. Låst. Utleige via Inatur.



